

Seinsommartur til Skorpefjellet



Ho er truleg eldst i landet!

På tur til Skorpefjellet vert du helsa velkommen idet du stig på land. Ein eldre sykkel med skiltet SKORPEFJELLET syner veg.



[Velkommen til Skorpefjellet!](#)

På turen går du framom det gamle tunet oppe i Skorpo der Johannes Hauge held i hevd ei tradisjonell gardsdrift med slåttemark, natureng, sauer, høns og ei gamal ku.

Tunet er uendra med våningshus, røykstove, stabbur, løe og andre uthus. Kua er truleg den eldste i landet og er ein attraksjon der taggane veks kvar sin veg.

På toppen skriv du namnet ditt i turboka. I tillegg får du sjå bilete og kart og ei bok for tankar, dikt og naturskildringar.

Ein tur til Skorpefjellet er ikkje bortkasta tid. Seinsommar og haust er ei fin tid for eit besøk.

TEKST OG FOTO: KRISTIAN OLAV BRINGEDAL

NETT: Ola Matti Mathisen





Toppen er nådd